

Rutinedokument for handtering av personopplysningar i Studieforbundet kultur og tradisjon

1. PERSONVERNERKLÆRING FOR STUDIEFORBUNDET KULTUR OG TRADISJON	2
2. PERSONVERN I INFORMASJONSARBEIDET	3
3. PERSONVERN I SAMBAND MED ARRANGEMENT	4
4. PERSONVERN I PERSONALFORVALTNINGA	5
5. PERSONVERN I KURSDATABASEN	6

Sist revidert 10.09.2018

1. Personvernerklæring for Studieforbundet kultur og tradisjon

Denne personvernerklæringa gjer greie for Studieforbundet kultur og tradisjon si handtering av personopplysingar som blir samla inn for å kunne utøve våre tenester til personar vi arbeider med. Dagleg leiar i organisasjonen er den som er ansvarleg for behandlinga om ikkje oppgåva er delegert. Førspurnad om innsyn, retting eller sletting av personalopplysingar kan gjerast ved å ta kontakt med Studieforbundet sitt kontor.

E-post

Du kan sende e-post til oss, men hugs at alle verksemder er sårbare for datatjuveri. Du bør difor ikkje sende sensitivt innhald per e-post. Om vi tek imot ein slik e-post, handsamar vi e-posten i samsvar med innhald og sletter han med ein gong.

Informasjonsbrev

Som tillitsvalt i fylkesledd eller i sentralleddet vil du få informasjon på e- post frå oss. Berre dei epostane som blir oppgitt for å nå tillitsvalde blir brukt. Adressa blir lagra i Studieforbundet sin sky, hos dataleverandøren Duett som vi har Databehandlaravtale med. E-postadresse til leiaren i fylkesledd og alle styremedlemmane ligg på nettsida vår. Når den ikkje lenger er aktuell blir den sletta.

Bruk av informasjonskapslar (cookies)

Heimesida til Studieforbundet, www.kulturogrtradisjon.no, brukar informasjonskapslar for å samle informasjon om korleis besøkande nyttar nettsida. Studieforbundet brukar denne informasjonen for å lage rapportar for å betre nettsida. Informasjonskapslane inneheld ikkje personopplysingar. Dei seier noko om talet på besøkande på nettsida, kvar dei kjem frå og kva sider dei besøker. Du kan sjølv forhindre at informasjonskapslar blir lagra på datamaskina di ved å endre innstillinga i nettlesaren.

Påmelding på kurs og arrangement

Det er mogleg å melde seg på kurs via nettsida vår. Knytt til dette samlar vi informasjon som namn og kontaktopplysingar, i tillegg til allergiar og behov for tilrettelegging. Desse opplysningane blir ikkje brukt til andre formål enn å administrere arrangementa, statistikk og tilskot. Vi innhentar eigne samtykke for å kartlegge interesser og ønskje om å ta i mot invitasjon til nye arrangement.

Utlevering av personopplysingar til tredjepart

Studieforbundet utleverer ikkje personopplysingar til andre, med mindre det føreligg lovbestemt opplysningsplikt til offentlege myndigheiter.

2. Personvern i informasjonsarbeidet

Bildesamtykke

Studieforbundet innhentar aktivt samtykke om bilete av deltakarar ved påmelding. Det blir spesifisert i førespurnaden at bilete/video vil kunne nyttast i digitalt og trykt marknadsføringsmateriell til bruk for organisasjonen og liknande arrangement. Om bileta skal nyttast av andre, til dømes paraplyar som VOFO, skal det innhentast ekstra samtykke til dette formålet. Ikkje-redigerte og ubrukte bilete blir lagra i bildearkivet, og blir sletta med jamne mellom. Eit knippe redigerte bilete/videoar blir publiserte på sosiale medium. Bileta blir liggande i bildearkivet, med mindre enkeltpersonar ber om å få fjerna opplysningane sine, og dermed bileta dei er med på. Ved filming av prosjekt der barn og ungdom er aktørar, blir det innhenta skriftleg signatur frå både deltakar og føresette i forkant på ein eigen intensjonsavtale

Sende informasjon til tidlegare deltakarar på kurs/arrangement

Studieforbundet kultur og tradisjon innhentar egne samtykke for å kartlegge interesse og ønske om å ta i mot invitasjon til nye arrangement av dei som har delteke på kurs eller arrangement i regi av organisasjonen. Dette skjer ved påmelding til kurset/arrangementet. Desse opplysningane blir lagra og skal ikkje brukast til anna informasjon, eller delast med tredjepart.

Merke nokon i bilete eller tekst på sosiale medium

Studieforbundet kultur og tradisjon innhentar aktivt samtykke om ein person skal bli merkt (tagga) i eit innlegg som skal bli delt på sosiale medium, som til dømes Facebook. Det er høve til å svare nei.

3. Personvern i samband med arrangement

Kvart år arrangerer Studieforbundet mellom anna årsmøte, fylkesleddsamling, og ymse kurs, både landsdekkjande og regionale/lokale. Dagleg leiar, eller den dagleg leiar delegerer til har ansvar for at personvernsrutinane blir ivaretekne før, under og etter kvart einskild arrangement

Bruk av personopplysningar

I samband med arrangement og sentrale kurs innhentar Studieforbundet kultur og tradisjon personopplysningar som namn, postadresse, e-post, telefonnummer, alder og kjønn. Kontaktinformasjon som telefonnummer og e-postadresse er nødvendig for informasjonsføremål i samband med arrangementet. Eksterne kurslærarar og andre medhjelparar kan få lese-tilgang til desse listene før og under arrangementet. Desse tilgangane blir fjerna i etterkant av arrangementet. Alder og kjønn er relevant for tilrettelegging under arrangementet, statistikkføremål og lovkrav dersom arrangementet gir rett til kursstøtte etter Voksenopplæringsloven. I samsvar med organisasjonen si personvernerklæring skal andre personopplysningar enn dette bli sletta i etterkant av arrangementet, med unntak av eventuelle bilde som deltakaren har samtykka til.

Bruk av helseopplysingar

Av sensitive personopplysingar har Studieforbundet berre behov for å innhente helseopplysingar som matallergiar, diettbehov og anna som er nødvendig for best mogleg tilrettelegging for deltakaren på kurset/arrangementet. Desse opplysningane er tilgjengelege for kontoret via fellesarkivet i skyja hjå Duett. Kjøkkenpersonell får vite talet og innhaldet av ulike allergiar og diettbehov, men får ikkje vite kven dette gjeld, med mindre dette er eit spesifisert ønskje frå deltakaren si side. Allergiar og andre helseopplysingar om den enkelte sin allmenntilstand, kan etter ei skjønnsvurdering delast med kursinstruktørar eller arrangørar ved munnleg orientering, om det gjeld eit fåtal deltakarar. Helseopplysingar blir fjerna frå deltakaroversikter i etterkant av arrangementet. Det same gjeld e-postar der dette er nemnd.

Samtykke frå føresette

Studieforbundet har svært sjeldan deltakarar under 18 år på eigne arrangement. Om/når dette skjer, ber vi om kontaktinformasjon (telefon og e-post) på føresette for dei under 18 år, slik at vi kan kontrollere samtykke for personopplysingar og sensitive opplysingar.

4. Personvern i personalforvaltninga

Personalforvaltning og personaladministrasjon medfører behandling av data om personar som har både eit fast eller mellombels tilsetjingsforhold i Studieforbundet. I hovudsak handlar dette om dei fast tilsette på kontoret, men Studieforbundet kan også engasjere personar på timesbasis, eller for tidsavgrensa oppdrag, som ein også handterer persondata for.

Lagring av persondata

All persondata som blir innhenta til Studieforbundet si personalforvaltning, skal lagrast i det elektroniske personalarkivet. Dette er eit arkiv som berre dagleg leiar og kontorsekretær med rekneskapsoppgåver har tilgang til.

Opplysningar som blir lagra

Opplysningar blir lagra i personalarkivet etter ein eigen arkivnøkkel. Dokumenta som inneheld persondata er i hovudsak:

- Søknader, CV og søkjarlister til utlyste jobbar
- Søknader om permisjonar og ferier
- Referat frå personalsamtalar
- Opplysningar om løn og pensjonsvilkår

Alle opplysningane knytt til ein person si stilling og tilsetjingsforhold, blir lagra så lenge vedkomande har eit tilsetjingsforhold i Studieforbundet. Av historiske dokument, inneheld personalarkivet i tillegg arbeidsattestar for tidlegare tilsette i Studieforbundet.

Passord og tilgangskontroll

Alle tilsette på kontoret i Vågå har tilgang til personopplysningar gjennom jobbdatabasa og smarttelefon. Begge deler skal vere passordbeskytta. Forlèt ein datamaskina for ein kortare periode, skal den tilsette låse skjermen inntil ein er attende ved pulten. Er ein på reise eller har heimekontor, er det viktig å passordbeskytte alt av personopplysningar slik at uvedkomande ikkje får tilgang.

Intern gjennomgang

Dagleg leiar har ansvar for å vurdere desse rutinane saman med styret årleg. Da bør samtidig lagra data gjennomgåast, for å vurdere om her er innhenta opplysningar som det ikkje lengre er relevant å lagre.

Avvikshandtering

Sidan all data i utgangspunktet skal handterast elektronisk, er den største risikoen datainnbrot. Slike tilfelle vil i så fall bli meldt inn til datatilsynet, eventuelt som politisak. Dersom det ved den årlege gjennomgangen blir avdekkja at her er data som ikkje lenger er relevant å lagre, må desse slettast.

5. Personvern i kursdatabasen

Studieforbundet mottar statsstøtte frå Kunnskapsdepartementet gjennom Kompetanse Norge til kurs og opplæring. Alle ledd av medlemsorganisasjonane og organisasjonar med samarbeidsavtale kan søke om å få kursstøtte til sitt/sine kurs Lov om Voksenopplæring.

Kursdeltakarar i kursdatabasen

Går du på kurs i eit ledd i ein av våre medlemsorganisasjonar som mottar kursstøtte til kurset, blir opplysningar om kjønn, namn, adresse, telefonnummer, fødselsdato/år og e-postadresse registert i kursdatabasen. Dette er eit lovkrav frå styresmaktene i kraft av Voksenopplæringsloven. Opplysningane

blir oppbevart i 10 år i tråd med lov og forskrift. Desse opplysningane blir berre brukt for å rapportere til styresmaktene og/eller kontakte deg om kurset du har delteke på.

Kurslærer og lagets kontaktpersonar

Er du kurslærer eller kontaktperson for eit kurs med statstøtte registrerer vi opplysningar om kjønn, namn, adresse, fødselsdato, telefonnummer, og e-postadresse i databasen. Opplysningane blir brukt i kontakt med laget og/eller læraren om kurset. I statistikk på nettsida vår blir namn, adresse, telefonnummer og e-postadresse offentleggjort. Opplysningane blir oppbevart i 10 år i tråd med lov og forskrift